

Mønsterlov for lokallag i Noregs Mållag

Lov for Mållag.

Vedteken xx.xx.xxxx

§ 1 Mållag har til føremål:

- a) å samla målfolk i til aktivt arbeid for det nynorske målet på alle område,
- b) å auka kunnskapen om og vørndaden for nynorsken og dialektane våre og
- c) å styrkja bruken av nynorsk i området vårt og stø opp om arbeidet nasjonalt for meir nynorsk

§ 2 Mållag skal vera innmeldt i Noregs Mållag gjennom fylkesmållaget, med dei rettar og pliktar eit lokalt mållag har.

§ 3 Arbeidsåret følgjer kalenderåret. Laget held årsmøte innan utgangen av februar, kunngjort minst tre veker på førehand. Omframt årsmøte vert halde dersom styret vedtek det eller minst $\frac{1}{4}$ av lagsflokken krev det.

§ 4 Årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap, fastset den lokale delen av medlemspengekravet og vedtek arbeidsplan og budsjett. Røysterett på årsmøtet har dei som har betalt medlemspengar for året som var.

§ 5 Årsmøtet vel:

- a) leiar ved særskilt val kvart år,
- b) fire styremedlemer med tre varafolk. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, og halvparten står på val kvart år, første gongen etter lutkast. Varafolk vert valde for eitt år om gongen. Årsmøtet vel nestleiar, skrivar og kassastyrar, eller årsmøtet kan overlate det til styret.
- c) tre medlemer til valnemnda. Medlemane i valnemnda vert valde for tre år, og éin vert skifta ut kvart år, første gongen etter lutkast,
- d) ettersynskvinne / mann,
- e) utsendingar til årsmøtet i fylkeslaget og landsmøtet i Noregs Mållag.

§ 6 Styret står for det daglege arbeidet mellom årsmøta. Styret er vedtaksført når det er innkalla på vanleg måte og minst tre styremedlemer eller varafolk møter, mellom dei leiar eller nestleiar.

§ 7 Valnemnda lagar framlegg til årsmøtet om nytt styre, ettersynskvinne / -mann og utsendingar. Styret gjer framlegg til årsmøtet om medlemer til valnemnda.

§ 8 Laget er å rekne som nedlagt når det kjem ned i eit medlemstal på under 10. Laget vert rekna som nedlagt dersom det tre år på rad ikkje har sendt årsmelding til skrivarstova.

§ 9 Dersom laget vert nedlagt, skal Noregs Mållag overta eiga. Dersom laget ikkje er skipa opp att innan fem år frå Noregs Mållag tok over ansvaret for eiga, skal Noregs Mållag disponera eiga til beste for målarbeidet på staden det nedlagte laget verka og/eller i samsvar med føremålet til det nedlagte laget.

§ 10 Framlegg til brigde i vedtekten må vera kjent for medlemene minst tre veker før årsmøtet. Eit framlegg til brigde treng 2/3 fleirtal for å bli vedteke. Framlegga kan ikkje endrast på årsmøtet dersom endringane fører til at meiningsinnhaldet vert endra.